

ÅRSPLAN SØRE FUSA BARNEHAGE

2020

Godkjend 01.05-2020



INNHALDSLISTE:

Del 1 : FELLES DEL FOR DEI KOMMUNALE BARNEHAGANE

Årsplan	S. 2
Visjon + verdigrunnlag	S. 3
Mål for barnehagane i Bjørnafjorden 2020	S. 4
Pedagogisk grunnsyn	S. 5
Danning gjennom omsorg, leik, læring	S. 6
Barn si medverknad	S. 8
Foreldresamarbeid	S. 9
Samarbeid med andre instansar	S. 10
Samarbeid barnehage og skule	S. 11
Planlegging, dokumentasjon og vurdering	S. 12
Fagområda	S. 14

Del 2: BARNEHAGANE SINE EIGNE PLANAR



ÅRSPLAN 2020



Velkomen til eit spanande barnehage år!

Årsplanen er eit arbeidsreiskap for barnehagen sine tilsette og dokumenterer barnehagen sine val. Den er eit utgangspunkt for foreldre til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. Vidare er den grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen, og den skal gje informasjon til andre som politikarar, samarbeidspartnarar og andre interesserte.

Du sit no med ein årsplan som gjeld for barnehagane: Strandvik, Trollskogen, Jettegryto, Holdhus, Søre Fusa og Holmefjord. Dette er ein overordna plan for barnehagane i Bjørnafjorden. Dei ulike barnehagane vel sjølve tema og korleis dei tek føre seg innhaldet i årsplanen. Kvar enkelt barnehage har fokus på det som er viktig hos dei, samstundes som alle barnehagane dreg i same retning. Kvalitet står i høgsete.

Barnehagane vert styrt av barnehagelova og rammeplanen.

§1 Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggjende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

§ 2.Barnehagens innhold

Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfulle opplevelser og aktiviteter. Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur. Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. Departementet fastsetter nærmere regler om barnehagens innhold og oppgaver (rammeplan) ved forskrift.

Visjonen for oppvekst i Bjørnafjorden kommune er:

Vi jobbar saman for det gode liv i
Bjørnafjorden kommune.

Verdiar i Bjørnafjorden kommune:

Samarbeid, respekt, inkluderande og open

- Vi lyttar med respekt
- Vi gjer det vi seier
- Vi vil skape resultat
- Vi meiner entusiasme inspirerer

Arbeidsmåtar i dannelsingsprosessen:

- Internt blikk
- Primærkontaktsystemet
- Aldersdelte grupper
- Samtaler med barn
- Leik, læring og utvikling
- Oppmerksomt nærvær
- Foreldresamarbeid
- Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Dei tilsette er med- skaparar av barnehagen sin kultur og kvalitet

MÅL FOR BARNEHAGANE I Bjørnafjorden 2020



Alle barn og unge skal ha gode oppvekstmiljø som:

- 1) fremmar helse, trivsel og læring.
- 2) gir meistring, tryggleik og anerkjening.

Barn skal oppleve eit likeverdig og inkluderande barnehagemiljø med leik, læring og danning.

Vi skal lage eit system som sikrar at alle barn får grunnleggande ferdigheter i realfag.

Vi skal gjennomføre foreldreundersøkinga til Utdanningsdirektoratet

Vi skal gjennomføre systematisk arbeid med språk for alle tospråklege barn.

Vi skal gjennomføre vasstilvenning i basseng for alle 4-åringane



Pedagogisk grunnsyn

I Bjørnafjorden kommune sine barnehagar skal barna få livserfaring, og trening i sosial kompetanse innanfor trygge rammar. Dei vaksne skal vera ei trygg hamn som barna kan søke til når dei treng det.

Kvart barn er unikt og blir møtt med respekt, omsorg og likeverd. Barnet får oppmuntring til å vera utforskande. Dette gjenspeglar seg i møte med kvart barn i kvardagen, i leik, moro, rutinar, reglar og grensesetting.

Barnehagane i Bjørnafjorden legg særskilt vekt på arbeidet med relasjonsbygging. Dette vert jobba med systematisk i alle personalgruppene gjennom fagleg rettleiing i nettverk. Ein god relasjon er grunnlaget for all sosial utvikling både for barn og vaksne.

Vi vil:

- Vise glede for barnet
- Sjå barnet sitt initiativ




- Invitere barnet til samtale
- Vere lyttande

-Gje anerkjening

Samspel mellom dei tilsette og barn er det viktigaste utgangspunkt for kvalitet!

Danning gjennom omsorg, leik og læring

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre, og er ein føresetnad for meiningsdanning, kritikk og demokrati.



Danning i barnehagen skal forankras i verdiane i formålet:

Gjennom gode danningprosesser setes barna i stand til å handtere livet ved å utvikle evnene til å vere prøvande og nysgjerrig til omverda, og sjå på seg sjølv som et verdifullt medlem av et større fellesskap.

Barn lærer i leik, dei lærer av god omsorg, og danning er ein kvalitet ved en læringsprosess. Her vert grunnlaget lagt for barnet si allsidige utvikling.

Dei tilsette har ekstra fokus på omsorg, leik og læring. Gjennom ein trygg og god kvardag med faste rammer og gode rutinar, fremmer vi barna sin trivsel og glede. Når barna kjem til barnehagen skal dei bli møtt av vaksne som ser dei, og som aktivt tilrettelegg eit innhaldsrikt læringsmiljø. Barna må få utfordringar, muligeiter til å utvikle kunnskapar og ferdigheter, samt støtte for å handle omsorgsfullt og gjøre etiske grunna val.

Mykje av læringa skjer igjennom leiken, som skaper grobottn for trivsel, utvikling og sosial kompetanse. Ved å tilrettelegge for ulike lekeaktiviteter og gi rom for utforsking og nysgjerrighet, skapas en arena for samspill, evne til empati, sjå andre før seg sjølv og det å kunne erfare andre sin leikekunnskap og erfaringar.

Dei tilsette skal:

- Tilrettelegge for eit inkluderande miljø, der alle barn blir sett uavhengig av deira ulikheter og behov. Det skal ikkje tolereras mobbing, men førebygge gjennom å styrke vennskap i barnegruppa. Skal akseptere forskjellar, ha tru på barna og ta barna på alvor.
- Dei tilsette i barnehagen skal bygge opp barna si sjølvkjensle og sjølvfølelse ved respekt for barnet og deira mengingar, gje rom for tilbakespill og vere opne for barna sine egne idear.
- Barna skal lære å respektere seg sjølv og andre, som igjen fører til eit godt samspel og medverknad.
- Med vennlegheit, høflegheit, tålmodighet og toleranse skal dei tilsette møte kvarandre i barnehagekvardagen. Barna ser på vaksne som rollemodeller og tar lærdom av korleis dei tilsette utøver si rolle. Med omsorg, leik og læring som grunnlag for det som skjer i barnehagane skal alle inkluderast og vere med å påverke sin kvardag.

Læringsmiljø

“I barnehagen skal barna oppleve et stimulerande miljø som støtter opp om deira lyst til å leike, utforske, lære og mestre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema og fenomen og bidra til meningsfull samhandling” (Rammeplanen).

Barnehagens læringsmiljø omhandlar kulturelle, relasjonelle og fysiske forhold som har betydning for barn si utvikling, lek og læring, helse og trivsel. Barna skal ha det bra i barnehagen og oppleve samhörighet innanfor trygge rammer. Dei skal oppleve gode og stabile tilknytningsrelasjonar og møte empatiske omsorgspersonar som evner å planlegge og gjennomføre aktivitetar og samvær tilpassa barnet sitt funksjonsnivå.

Dei tilsette skal tilrettelegge barna sitt læringsmiljø med fokus på barn si meistring. Det skal vere oversiktleg og tilgjengeleg for barna. Eit levande miljø der elementa kan brukast på nye måtar og i skiftande samanhengar.

Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet, og heng nært saman med leik, omsorg og danning. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på alle område. Når barn undrar seg over noko, må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte. Interessene og spørsmåla til barna skal danne grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen.



Sentrale områder dei tilsette har fokus på:

- Relasjonsarbeid - Oppmerksamt nærvær
- Gode språkmiljø
- Vennskap

BARN SI MEDVERKNAD

Barnehagen skal ivareta barns rett til medverking ved å legge til rette for og oppmuntre til at barna kan få uttrykke sitt syn på barnehagens daglige virksomhet, jfr. barnehageloven §§ 1 og 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1. Barna skal få muligheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av det som skjer i barnehagen. Alle skal få erfare å få innflytelse på det som skjer. Barna sine synspunkt skal tillegges vekt i samsvar med deres alder og modenhet, og de skal ikke overlates et ansvar de ikke er rustet til å ha. (Rammeplanen).

Dersom barn skal oppleve at det å gi uttrykk for tankar og mengingar er meningsfullt må de:

- Oppleve anerkjenning for egne tankar og meiningar
- Oppleve at egne tankar og meiningar blir hørt
- Oppleve at egne tankar og mengingar har betydning for andre

Å ta barn si medverking på alvor for utsett gode relasjonar og god kommunikasjon mellom barnet og die vaksne. De vaksne må være lyttande til barnet, både til barnet sitt talespråk og kroppsspråk. Det er viktig at dei vaksne prøver å forstå barnet sine følelser uttrykk. Dei tilsette må være bevisst i alle situasjonar sammen med barna og gje kvart enkelt barn følelsen av å bli sett, hørt og verdsatt.

Område	Mål	Tiltak
medverknad	<ul style="list-style-type: none">• barna skal oppleve at dei har påverknad på det som skjer i barnehagen• barna skal oppleve at dei får seie si meining• barna skal oppleve at dei får ta egne val	<ul style="list-style-type: none">• personalet skal ta barna med på planlegging av saker og aktivitetar• personalet skal observere barna, lytte og tolke deira ulike uttrykk• personalet skal la barna ta egne val t.d i aktivitetar.

FORELDRESAMARBEID

Foreldra sin medverknad er nedfelt i barnehagelova. Foreldra skal ha høve til påverknad gjennom samarbeidsutval, foreldremøte og foreldresamtalar. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnet sitt beste som mål. Foreldra og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barnet sin trivsel og utvikling.

Barnehagen skal legge til rette for foreldresamarbeidet og god dialog med foreldrene. Foreldresamarbeidet skal både skje på individnivå, med foreldrene til hvert enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalget.

Område	Mål	Tiltak
foreldresamarbeid	<ul style="list-style-type: none">foreldra skal vere trygge på at barnet har det trygt og godt i barnehagenpersonalet skal ha ein god og open kommunikasjon med foreldraforeldra skal ha medverknad på barnehagetida til eige barnforeldregruppa skal ha påverknad på barnehageverksemda.personalet sine forventningar til barn og foreldra skal vere kjende for foreldra	<ul style="list-style-type: none">open dialog med foreldra basert på barnets bestepersonalet fortel korleis barnet har hatt det i barnehagen, lyttar til foreldra sine meiningar og innspelgje tilbod om to individuelle foreldresamtaler i året – fleire ved behovforeldremøte med informasjon om barnehagen og høve til diskusjonar og innspelulike arrangement for foreldra i barnehagenbrukarundersøkingjamlege møte i SU og FAUsende ut planar og informasjonsskriv til foreldra

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).

I foreldrerådet sit alle foreldre/føresette i barnehagen. Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Kvar haust blir det valt foreldrepresentantar (FAU) som er kontaktpersonar for foreldrerådet. FAU kallar inn til foreldrerådsmøte etter ønskje frå foreldre eller når foreldre har meldt inn saker som bør diskuterast i foreldrerådet.

I samarbeidsutvalet sit foreldre/føresette, tilsette i barnehagen og representant for eigar, slik at kvar gruppe er likt representert. Styrar/ rektor er sekretær. Samarbeidsutvalet skal ha høve til å uttale seg om saker som har vesentleg betydning for barnehagedrifta, t.d. vedtekter, opningstider, barnehage- og skulerute mm. Samarbeidsutvalet fastset barnehagen sin årsplan. Foreldrerådet vel 1 -2 representantar til samarbeidsutvalet og 1 – 2 vararepresentantar. Dette vil avhenge av storleiken til kvar barnehage. Personalet og eigar vel tilsvarande representantar for seg.

Samarbeid med andre instansar

For at barna og foreldra skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod til beste for utviklinga til barna, samarbeider barnehagen med andre tenester og institusjonar i kommunen. Både foreldra og

barnehagen kan ha behov for å samarbeide med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid følgjer dei tilsette føresegnene om teie- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk.

Tverrfagleg team:

Målet for det tverrfaglege teamet er å bidra til at barn som av ulike grunnar treng ekstra stimulering og omsorg får god og tidleg hjelp.

Tverrfagleg team er ein arena for barnehage og skule til å drøfte problemstillingar og søkje råd hjå Helse, familie og velferd (HFV). Representant frå Helsestasjonen, Barnevernstenesta, Pedagogisk Psykologisk- teneste (PPT) og fysioterapeut er representert her. Møtet føregår på HFV i Eikelandssosen. Foreldre/føresette er velkomen til å vera med skulen/barnehagen på møtet om dei ynskjer dette. Dersom foreldra ikkje deltek må det føreligge skriftleg samtykke til deling av informasjon. Alle medlemmane i det tverrfaglege teamet er underlagt teieplikt.

Barnevernstenesta:

Barnevernstenesta er ein viktig samarbeidspartnar for barnehagen kring einskilde familiar som er i ei vanskeleg situasjon. Barnevernstenesta gir råd og rettleiing til barnehagetilsette innan ulike tema. Gjennom den daglege kontakten med barn er dei tilsette i barnehagane i ein sentral posisjon til å observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna. Alle tilsette i barnehage og skule har opplysningsplikt til barnevernet etter §22 i barnevernslova når det er mistanke om omsorgssvikt for eit barn.

Helsestasjonen

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremjande arbeid for å tryggje oppvekstvilkåra til barna i kommunen.

Helsestasjonen skal bidra med råd og rettleiing i samband med lækjemiddelhandtering i barnehagar og om smittevern. Vidare er helsestasjonen sentral når det gjeld å kartleggje den motoriske og språklege utviklinga til småbarn.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT):

Den pedagogisk-psykologiske tenesta er sakkunnig instans ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønskjer hjelp til einskildbarn i barnehagen, må foreldra samtykkje til det. Foreldra skal trekkjast aktivt med i samarbeidet med PPT. Foreldra kan også sjølv ta kontakt med PPT på eige initiativ.

Andre samarbeidspartnarar:

Barnehagen samarbeider med lokalsamfunnet for å gi barna varierte opplevingar og tilknytning til nærmiljøet. Eit godt samspel mellom barnehagen og skulen, kulturlivet, institusjonar, frivillige organisasjonar og kyrkjelydar kan gjere både barnehagen og lokalmiljøet rikare og bidra til å gi barnehagen lokal forankring.

SAMARBEID BARNEHAGE OG SKULE

Barnehagen skal i samarbeid med foreldre og skulen legge til rette for at barna kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt skulefritidsordning.

Barnehagen skal legge til rette for at de eldste barna har med seg erfaringer, kunnskaper og ferdigheter som kan gi dem et godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skolen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetiden på en god måte og møte skolen med nysgjerrighet og tro på egne evner.

Område	Mål	Tiltak
Samarbeid barnehage og skule	<ul style="list-style-type: none">• barna skal bli trygge på skulen slik at dei kjenner glede og forventning• barna skal bli litt kjende med andre elevar og lærarar• barna skal bli kjende med skulebygningen og uteområdet• barna skal få eit lite innblikk i det å gå på skule	<ul style="list-style-type: none">• eigen plan for møtepunkt mellom barnehage og skule• overføringssamtale• PULS• skulen får informasjon om barn med særskilde behov



Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast, dokumenterast og vurderast. Den enkelte barnehage står fritt til å velje metodar og omfang utifrå lokale føresetnader og behov. Gjennomføringa av planane må vere så fleksible at det er rom for spontanitet og medverknad frå barna. Styraren og den pedagogiske leiaren har ansvar for at måla og rammene til barnehagen er klarlade for personalet.

Planlegging:

Planlegging gjev dei tilsette grunnlag for å tenke og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegging skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegging må baserast på kunnskap om barn sin trivsel og allsidige utvikling, individuelt og i gruppe. Den skal også baserast på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtaler med barn og foreldre.

Dokumentasjon:

Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndighet. informasjon om kva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen, og korleis barnehagen oppfyll krava i barnehageloven og rammeplanen” (Rammeplanen).

Å dokumentere barna sin kvardag er viktig for oss. Ved å fange de små og store øyeblikk har vi et godt grunnlag for å tenke og reflektere over: Kva fortell dette oss om enkeltbarnet, barnegruppa, om de voksne? Korleis kan dei nytta dette til å utvikle og forbetre den pedagogiske praksisen vår?

Dei tilsette i barnehagane i Fusa arbeider for å ha et bevisst og reflektert forhold til kva vi dokumenterer og kvifor. Dei har eit mangfald av metode å dokumenta arbeidet vårt på. Vi bruker foto, film, tekstskaping, utstillingar, evalueringar, praksisforteljingar, utsegn frå barn, refleksjon.

All dokumentasjon i barnehagen er til internt bruk og er ikkje tilgjengeleg for andre utan samtykke frå dei dokumentasjonen omhandlar.

Vurdering:

Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen.

“Kunnskap om barnegruppens og enkeltbarnets trivsel og allsidige utvikling er viktig for å gi alle barn et tilrettelagt tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen. Barnets trivsel og allsidige utvikling skal derfor observeres og vurderes fortløpende, med utgangspunkt i barnets individuelle forutsetninger og kunnskap om barns utvikling og behov.” (Rammeplanen).

Dei tilsette går stadig på jakt med det for auga: Gjer vi det vi trur vi gjør? Dei prøver til ei kvar tid å ha et kritisk blick på det med tanke på å forbetre og endra praksis. Samtalar med barna gjev viktig informasjon om deira oppfatning av sin kvardag. Dei tilsette nyttar blant anna praksisforteljingar for å fange kvardagen; dei observerer, skriver og analyserer.

Dei tilsette evaluerer aktiviteter som barna er med på. Dette for å sjå på kva som er gjennomført og om ein oppnår resultat. Då med særlig fokus på barna sitt lærings- og dannelsesutbytte. Ei evaluering kan innehalde bilete, praksisfortelling, døme osv., og skal synleggjerast for foreldre.

Styrar har eit overordna ansvar for at den pedagogiske verksemda blir vurdert på ein planlagd, systematisk og open måte. Styraren må sørge for at vurderinga skjer i forståing med foreldra og dei tilsette.

Dei tilsette vurderer arbeidet i barnehagen fortløpande gjennom året og bruker ulike verktøy for å måle trivnad og utvikling hos det einskilde barn. Evaluering av aktivitetar etter avslutta temaperiode, og kartlegging med ALLE MED skjema er ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen.

FAGOMRÅDA

Dei sju fagområda vi møter i rammeplanen speglar områder som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og barna sin leik dannar viktig grunnlag for arbeidet. Det er dei same områda som barna møter som fag i skulen. Gode opplevingar, erfaringar og læring innanfor alle områda vil kunne gje barna eit positivt forhold og motivasjon til å lære enda meir. Arbeidet med fagområda skal bidra til å fremme trivsel, allsidig utvikling og helse, og alle fagområda skal være ein gjennomgåande del av barnehagen sitt innhald.

Ifølge rammeplanen skal barnehagane bruke ulikt materiell og utstyr, teknologi og digitale verktøy, spill, bøker og musikk i arbeidet med fagområda. Vidare skal barnehagane ta utgangspunkt i barn si interesse og engasjement, slik at arbeidet vert opplevd som ein meningsfull og morosam del av barnas kvardag. (Rammeplanen)

Fagområda dekkjer eit vidt læringsfelt og vil ofte vere representert samstundes i temaopplegg gruppene har. Barnehagane har barn i alderen ett til seks år, og det betyr at barna vil ha ulike føresetnader, kunnskap og behov. Det blir derfor viktig å legge til rette for at barnehagedagen skal by på utfordringar og aktivitetar for alle, uansett mestringsnivå og alder. Det betyr at dei tilsette har eit stort ansvar for å sikre progresjon og utvikling for alle. Det skal være spanande og utviklande! Kva tema gruppene arbeider med innanfor dei enkelte fagområda vert synleg i planane. Dei vil vere styrande for kva vi vektlegg i temaarbeid og i kvardagsaktivitetar.

Her kjem ei kort oversikt henta frå rammeplanen:

FAGOMRÅDA	
Kommunikasjon, språk og tekst	Tidleg og god språkstimulering for alle barn er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Kommunikasjon og språkleg kompetanse er nødvendig for å forstå omverda, bygga relasjonar, kommunisera og samhandle med andre. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og songar. Viktige sider ved kulturoverføringa er knytte til kommunikasjon, språk og tekst".
Kropp, rørsle, mat og helse	Gode vaner som vert tileigna i barnehagealder, kan vare livet ut. Derfor er barnehagen en viktig arena som skal bidra til at alle barn kan oppleve glede ved rørsle, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og god fysisk og psykisk helse. Gjennom dette fagområdet ønskjer dei tilsette at barna skal få muligheit til å sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Vaner tar form allereie frå tidlig alder, og vi ønskjer at barn får en grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til en sunn helse. (Rammeplanen).

Kunst, kultur og kreativitet	<p>Barnehagen må gje barn høve til å oppleve kunst, kultur og til sjølve å uttrykkje seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhald. Barn skaper sin eigen kultur ut frå eigne opplevingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får barn mange høve til sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Desse fagområda er mellom anna: maling/teikning, song/musikk, drama/rolleleik, språk/litteratur, dans og film. Det å skape noko saman bidreg til samhörighet og kulturelt fellesskap.</p>
Natur, miljø og teknologi	<p>Naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og til all slags vêr. Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vêr. Det er eit mål at barna skal få ei gryande forståing av kor viktig ei berekraftig utvikling er. I dette inngår kjærleik til naturen og forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.</p>
Mengd, rom og form	<p><i>Barn er opptatt av tall og teljing, dei utforsker rom og form, de argumenterer og er på jakt etter sammenhenger - stadig vekk.</i>” (Rammeplanen).</p> <p>For barna i barnehagen er matematikk en naturlig og nødvendig del av kvardagen og ein del av deira leik. Matematikk i barnehagen skal ikkje bare vere til nytte, det skal også være til glede!</p> <p>Mengd, rom og form vil vere tett vevd saman med andre fagområder, og arbeider med dette området i nær tilknytning til dei andre. Ein er omgitt av matematiske samanhengar i det meste ein gjer - i leik og i dei fleste kvardagssituasjonar.</p> <p>Matematikk i barnehagen må ha en praktisk og ikkje teoretisk tilnærming. Vi må legge til rette for barnet si matematiske utvikling i kvardagsaktivitetane for eksempel i garderoben når vi kler på oss, ved måltider og på kjøkkenet når barna er med og lager mat. Her kan barna få innblikk i at vi trenger to vottar fordi vi har to hender, telle kor mange barn det er som skal ete akkurat i dag, sjå at alle fata på bordet er runde eller sjå at vi treng to liter melk i havregrauten. I songar, regler, bøker og eventyr øver ein på teljing, sortering og talrekke opp og ned.</p>
Etikk, religion og filosofi	<p><i>Etikk, religion og filosofi er med på å forme måter å oppfatte verden og mennesker på og preger verdier, normer og holdninger. Fagområdet retter særlig oppmerksomhet mot barnehagens samfunnsmandat og verdigrunnlag i et samfunn preget av livssynsmangfold. Barnehagen skal skape interesse for samfunnets mangfold og forståelse for andre menneskers livsverden og levesett. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål, skal barn få anledning til selv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å legge grunnlag for kritisk tenkning og dømmekraft.</i> (Rammeplanen)</p> <p>Respekt for menneskeverd og natur, åndsfridom og nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet er verdiar som kjem til uttrykk i mange religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.</p>

Nærmiljø og samfunn

Barnehagane ønskjer at barna skal oppleve glede, betydinga og forpliktinga ved å vere ein del av eit fellesskap og eit demokrati. Alle barn skal få dekket sine behov utan at det frårøva dei andre muligheitene til det same.

Barnehagen er en god arena for å utvikle forståing og for å få erfaringar med eit demokrati og et fellesskap som er breikande og utviklande. Dette fagområdet skal bidra til å gjere barna kjent med egoet nærmiljø, samfunnet og verden. Fagområdet skal også omfatte kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoriteter.

Danning gjennom omsorg, leik og læring

Danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre, og er ein føresetnad for meiningsdanning, kritikk og demokrati.

Gjennom gode dannelsingsprosessar blir barn i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å være prøvande og nysgjerrige på omverda og til å sjå seg sjølv som ein verdifull medlem av eit større fellesskap. Barn må få utfordringar, sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter og få støtte for å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngitte val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidig utvikling (rammeplan for barnehager s. 15).

Dette gjer me gjennom å ha eit bevisst forhold til og klare mål for områda: **omsorg, sosial kompetanse, leik og læring.**

Område	Mål	Tiltak
Omsorg	<ul style="list-style-type: none">alle barn skal oppleve ein trygg barnehagekvardagalle barn skal møtast i tråd med deira behov og muligheiter	<ul style="list-style-type: none">observasjongode relasjonargode rollemodellar

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prege alle situasjonane i kvardagslivet og komme til uttrykk når barna leikar og lærer, i stell, måltid og påkledning. Det ligg mykje omsorg i å gi barn varierte utfordringar og rom for meningsfylte aktivitetar. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personale og barna og om omsorga barna viser kvarandre. Å gi barn sjansen til å gi og ta imot omsorg for kvarandre er grunnlaget for å utvikle sosial kompetanse, og eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv.

Område	Mål	Tiltak
Sosial kompetanse	Barna skal øve opp evna til å : <ul style="list-style-type: none">vise omsorglytte til kvarandresamarbeide og løyse usemjebarna skal bli trygge på seg sjølv og få eit positivt sjølvbilete	<ul style="list-style-type: none">fokus på korleis me kommuniserer med barnabruke kvardagen til å øve: vente på tur, trøste, vise omsyn osb.vere gode rollemodellar i alt me gjer og seier

Sosial kompetanse handlar om å lukkast i å omgås andre barn og vaksne. Denne kompetansen er grunnleggjande for å kunne fungere godt i samfunnet, ha positive sosiale relasjonar til andre menneske og evne til å fylgje reglar og normer for akseptabel åtferd.

Område	Mål	Tiltak
--------	-----	--------

Leik	<ul style="list-style-type: none"> • alle barn skal oppleve glede av å vere i leik • barnehagen skal ha eit variert leike- og aktivitetstilbod 	<ul style="list-style-type: none"> • bruke det fysiske miljøet til å skape gode og varierte arenaer for leik • barna sine interesser skal ligge til grunn for tilgjengeleg leikemateriell • aktive og tilgjengelege vaksne som støttar, hjelper og stimulerer
-------------	--	--

Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken fremjar barna si utvikling på alle område: intellektuelt, språkleg, fysisk, sosialt, og emosjonelt. I leiken utviklar og styrkjer barna identiteten og sjølvkjensla. Leik gjev barn glede, men kan og vere ein problemløysar for dei.

Å delta i leiken og få venner er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meningsfullt.

Område	Mål	Tiltak
Læring	<ul style="list-style-type: none"> • barna skal oppleve glede av å lære og meistre • personalet skal sjå kvart enkelt barn sine interesser og utviklingsmuligheter 	<ul style="list-style-type: none"> • progresjonsplanane for alle fagområda vert nytta • personalet lager temaplanar for å sikre at alle fagområda vert tekne opp • personalet undrar seg saman med barna gjennom strukturerte og ustrukturerte aktivitetar

Barn er nysgjerrige, kunnskapstørste og lærelystne. Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet, og heng nært saman med leik, omsorg og danning. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på alle område. Når barn undrar seg over noko, må dei møtast på ein utfordrande og utforskande måte. Interessene og spørsmåla til barna skal danne grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen.



BARN SI MEDVERKNAD

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barns synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet".
(Barnehageloven § 3 Barns rett til medvirkning)

Barna si rett til medverknad

Barnehagebarn er kompetente til å skape kunnskap og mening i eige liv. Det handlar om å verte anerkjent som menneske. Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen. Kor omfattande medverknaden er, og korleis medverknaden blir praktisert, er avhengig av alder og funksjonsnivå. Førsetnaden for å ta barn si medverknad på alvor er god kommunikasjon.

Område	Mål	Tiltak
medverknad	<ul style="list-style-type: none">• barna skal oppleve at dei har påverknad på det som skjer i barnehagen• barna skal oppleve at dei får seie si mening• barna skal oppleve at dei får ta eigne val	<ul style="list-style-type: none">• personalet skal ta barna med på planlegging av aktivitetar• personalet skal observere barna, lytte og tolke deira ulike uttrykk• personalet skal la barna ta eigne val t.d i aktivitetar.

FORELDRESAMARBEID

Foreldra sin medverknad er nedfelt i barnehagelova. Foreldra skal ha høve til påverknad gjennom samarbeidsutval, foreldremøte og foreldresamtalar. Oppseding er foreldra sitt ansvar i følgje barnekonvensjonen og barnehagelova. Barnehagen skal vere eit supplement til heimen.

Område	Mål	Tiltak
foreldresamarbeid	<ul style="list-style-type: none">• foreldra skal vere trygge på at barnet har det trygt og godt i barnehagen• personalet skal ha ein god og open kommunikasjon med foreldra• foreldra skal ha medverknad på barnehagetida til eige barn• foreldregruppa skal ha påverknad på barnehageverksemda.• personalet sine forventningar til barn og foreldra skal vere kjende for foreldra	<ul style="list-style-type: none">• open dialog med foreldra basert på barnets beste• personalet fortel korleis barnet har hatt det i barnehagen, lytter til foreldra sine meiningar og innspel• gje tilbod om to individuelle foreldresamtaler i året – fleire ved behov• foreldremøte med informasjon om barnehagen og høve til diskusjonar og innspel• ulike arrangement for foreldra i barnehagen• brukarundersøking• jamlege møte i SU og FAU• sende ut planar og informasjonsskriv til foreldra

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU).

I foreldrerådet sit alle foreldre/føresette i barnehagen. Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Kvar haust blir det valt foreldrepresentantar (FAU) som er kontaktpersonar for foreldrerådet. FAU kallar inn til foreldrerådsmøte etter ønskje frå foreldre eller når foreldre har meldt inn saker som bør diskuterast i foreldrerådet.

I samarbeidsutvalet sit foreldre/føresette, tilsette i barnehagen og representant for eigar, slik at kvar gruppe er likt representert. Styrar/ rektor er sekretær. Samarbeidsutvalet skal ha høve til å uttale seg om saker som har vesentleg betydning for barnehagedrifta, t.d. vedtekter, opningstider, barnehage- og skulerute mm. Samarbeidsutvalet fastset barnehagen sin årsplan. Foreldrerådet vel 1-2 representantar til samarbeidsutvalet og 1 – 2 vararepresentantar. Dette vil avhenge av storleiken til kvar barnehage. Personalet og eigar vel tilsvarende representanter for seg.

Samarbeid med andre instansar

For at barna og foreldra skal få eit mest mogleg heilskapleg tilbod til beste for utviklinga til barna, samarbeider barnehagen med andre tenester og institusjonar i kommunen. Både foreldra og barnehagen kan ha behov for å samarbeide med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid følgjer dei tilsette føresegnene om teie- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk.

SAMARBEID BARNEHAGE OG SKULE

Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Det skal skje i nært samarbeid med heimen. Barnehagane og skulen er begge institusjonar for omsorg, leik, læring og danning. Barna kjem til å møte både likskapar og ulikskapar mellom institusjonane. Det må leggjast til rette for at barna kan ta avskjed med barnehagen på ein god måte, gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen.(Rammeplanen s. 59)

Område	Mål	Tiltak
Samarbeid barnehage og skule	<ul style="list-style-type: none">• barna skal bli trygge på skulen slik at dei kjenner glede og forventning• barna skal bli litt kjende med andre elevar og lærarar• barna skal bli kjende med skulebygningen og uteområdet• barna skal få eit lite innblikk i det å gå på skule	<ul style="list-style-type: none">• eigen plan for møtepunkt mellom barnehage og skule• overføringssamtale• lesedugleiksplan• skulen får informasjon om barn med særskilde behov



Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast, dokumenterast og vurderast. Den enkelte barnehage står fritt til å velje metodar og omfang utifrå lokale føresetnader og behov. Gjennomføringa av planane må vere så fleksible at det er rom for spontanitet og medverknad frå barna. Styraren og den pedagogiske leiaren har ansvar for at måla og rammene til barnehagen er klarlade for personalet. for at der blir utvikla er felles forståing for måla blant medarbeidarane, og for at foreldra får god og nok informasjon om barnehageverksemda. Det bør leggjast til rette for brei medverknad frå barna, foreldra, barnehagepersonalet og eigaren når ein planlegg, dokumenterer og vurderer den pedagogiske verksemda. (rammeplanen s. 53)

Planlegging:

God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei

menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda.

Planlegginga av organisering, innhald og prosessar i barnehagane byggjer på måla i årsplanen og underliggjande dokument (Lov om bhg, rammeplan, kommunedelplan m.fl).

Planlegginga er basert på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Dokumentasjon:

Dokumentasjon på barnehagen sitt arbeid er viktig for å kunne vidareutvikle arbeidet og sikre kvalitet i tilbodet. Dokumentasjon skal vere eit middel for å få fram ulike oppfatningar, og opne for ein kritisk og reflekterande praksis.

Læringa til barna og arbeidet til personalet skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon.

Dokumentasjon kan vere ulike planer og sjekklister for gjennomførte aktiviteter gjennom året, og evaluering av desse. All dokumentasjon i barnehagen er til internt bruk og er ikkje tilgjengeleg for andre utan samtykke frå dei dokumentasjonen omhandlar.

Vurdering:

Styrar har eit overordna ansvar for at den pedagogiske verksemda blir vurdert på ein planlagd, systematisk og open måte. Styraren må sørge for at vurderinga skjer i forståing med foreldra og personalgruppa. (rammeplanen s. 56)

Personalet vurderer arbeidet i barnehagen fortløpande gjennom året og bruker ulike verktøy for å måle trivnad og utvikling hos det einskilde barn. Evaluering av aktivitetar etter avslutta temaperiode,

Kva	Når	Korleis	Kvifor	Oppbevaring /arkivering	Knytt til rammeplan/lovverk
Den daglege samtalen	Kvar dag	Personalet tek seg tid til å snakke med foreldra når barna kjem og når dei blir henta	Utveksla relevant informasjon om korleis dagen har gått		Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste føresetnadene for utviklinga og læringa til barna. Erfaringane og synspunkta til barna skal inngå i vurderingsgrunnlaget (Rammeplanen)
Foreldre samtaler	To gonger i året Haust og vår	Foreldra får tilbod om to foreldresamtaler pr barnehage år -(fleire ved behov) Me nyttar Alle med observasjonsskjema (Tras og Askeladden ved forseinka språkutvikling)	Utveksle informasjon om barnet, for å skape trivsel og utvikling.	I borna sine mapper i arkivet Blir brukt i foreldresamtalar	Foreldremøte og foreldresamtalar to gonger i året.(Serviceerklæring for barnehagane i Fusa) Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna. Foreldra har rett til å sjå dokumentasjon om barna sine(Rammeplanen)

og kartlegging med ALLE MED skjema er ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen.

Me vurderar slik kvar månad:

På kvar personalmøte stiller me følgjande spørsmål

- Kva fekk me til, kvifor?
- Kva fekk me ikkje til, kvifor?
- Kva ynskjer me å gjera meir av, kvifor?

FAGOMRÅDA

Fagområda i barnehagen dekkjer eit vidt læringsfelt. Fleire område er ofte representert samtidig i eit temaopplegg og i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet. I sosialt samspel, i leik og kvardagsaktivitetar skjer det ofte ein spontan kommunikasjon knytt til fagområda. At barn får rike opplevingar og del i kunnskapar på mange område, er òg ein føresetnad for at det skal bli god leik og eit godt samspel med barna.

Her kjem ei kort oversikt henta frå rammeplanen:

FAGOMRÅDA	
Kommunikasjon, språk og tekst	”Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og songar. Viktige sider ved kulturoverføringa er knytte til kommunikasjon, språk og tekst”.
Kropp, rørsle og helse	I småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barne er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Når barn kontaktar andre barn, startar dei ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette er viktig for utvikling av god sosial kompetanse.
Kunst, kultur og kreativitet	Barnehagen må gje barn høve til å oppleve kunst, kultur og til sjølve å uttrykke seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhald. Barn skaper sin eigen kultur ut frå eigne opplevingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får barn mange høve til sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Desse fagområda er mellom anna: kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur og film.
Natur, miljø og teknikk	Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og til all slags vêr. Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vêr. Det er eit mål at barna skal få ei gryande forståing av kor viktig ei berekraftig utvikling er. I dette inngår kjærleik til naturen og forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.

Etikk, religion og filosofi	Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfatar verda og menneska på, og pregar verdier og haldningar. I fleire hundre år har kristen tru og tradisjon saman med humanistiske verdier prega norsk kultur. Respekt for menneskeverd og natur, åndsfridom og nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet er verdier som kjem til uttrykk i mange religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.
Nærmiljø og samfunn	Det at barn får påverke det indre liv i barnehagen, kan vere det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt.
Tal, rom og form	Barn er opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre utforskinga og leggje til rette for tidleg og god stimulering.

Søre Fusa barnehage

For oss i Søre Fusa er det viktig å ha eit godt samarbeid med heimen. Det er gjennom tett og tovegs kommunikasjon med heimen me best kan ta vare på kvart enkelt barn. Samstundes skal kvart enkelt barn læra å bli ein del av ei heil gruppe. Danning skjer i samspel med omgjevnadane og med andre, og er ein føresetnad for å meistre sosiale relasjonar. Gjennom systematisk arbeid skal barna lære seg at ved hjelp av nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet oppstår venskap.

Me vil nytta nærområdet til å gå på besøk til helsetunet, butikken. Gjennom kontakt med lokalsamfunnet skal barna sjå og oppleve korleis andre har det, og få utvida erfaringar om seg sjølv og andre. Me vil nytta naturen rundt oss og vil ha fokus på å rydda opp etter oss, og ikkje kasta boss som ikkje nedbrytelege i naturen. Når me går frå ein stad, skal det sjå likt ut som då me kom.

Me vil vidareføre norske tradisjonar gjennom folkeeventyr og kristne norske tradisjonar. Barna skal få kjennskap til kvifor me feirar jul,



påske og pinse slik me gjer i Noreg. Pr. i dag har me ikkje barn med andre religionar, men dersom dette skulle skje ynskjer me å snakka om og markera også desse religiøse tradisjonane. Me vil ha fokus på kvifor me feirar 17.mai og kva ytringsfridom og menneskerettigheter er.

MÅL FOR SØRE FUSA. BARNEHAGEN 2020 seier at alle barn og unge skal ha gode oppvekstmiljø som

1. fremmer helse, trivnad og læring

Alle som skal inn i Søre Fusa barnehage må vaska hendene før dei kjem inn i barnehagen. Generelt skal me vidareføra gode rutinar for handhygiene og reinhald i bygget.

2. gir meistring, tryggleik og anerkjening.

For å oppnå læring må alle oppleva kvardagen som trygg og inkluderande. Dei vaksne skal ha fokus på kvar dei plasserer seg i forhold til barna, og vera trygg, større og klokare.

Me skal ha ekstra fokus på krenking

3. Me skal innføra MyKid som kommunikasjonsarena i samarbeidet med foreldre

FAGOMRÅDA		
Prosessmål	Rammeplanen	Slik gjer me det i Søre Fusa barnehage
Kommunikasjon, språk og tekst	”Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet. Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk. Tekst omfattar både skriftlege og munnlege forteljingar, poesi, dikt, rim, regler og songar. Viktige sider ved kulturoverføringa er knytte til kommunikasjon, språk og tekst”.	<ul style="list-style-type: none"> • Samlingsstundene skal ha stort innslag av språkstimuli • Bøker skal vera fysisk framme for barna • Personalet skal bli bevisst si rolle som språklege rollemodellar • Ekstra fokus på å tilby språkstimuli ved bordsituasjonane • Me nyttar systematisk songar, rim og regler i samlingar. • Me nyttar Språkleiken Bravo systematisk kvar dag. • Frileik
Kropp, rørsle og helse	I småbarnsalderen tileignar barna seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barne er kroppsleg aktive, og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Når barn kontaktar andre barn, startar dei	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka gymnastikksalen minst ein til to gangar i veka • Nytt skogen • Gå på tur • Smørelunsj kvar dag, alle øver på å smørja brødskiva si sjølv • Fokus på handhygiene

	<p>ofte med kroppslege signal og aktivitetar. Dette er viktig for utvikling av god sosial kompetanse.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Språkleiken Bravo, med særleg fokus på grunnleggande bevegelse(krypa, åla, rulla, fyka og henga). • Motivere til å greia sjølv • Kle av og på seg sjølv • Bruka opplegget raude og grøne tankar i forhold til psykosolialt barnehagemiljø. • Sosial kompetanse, med fokus på egne og andre sine kjensler. Samspel og det å sleppa andre til. • Vaksne skal vera tett på for å oppdaga utestenging, og løysa opp i uheldige situasjonar på ein positiv måte. • Frileik
Kunst, kultur og kreativitet	<p>Barnehagen må gje barn høve til å oppleve kunst, kultur og til sjølve å uttrykkje seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhald. Barn skaper sin eigen kultur ut frå egne opplevingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får barn mange høve til sansing, oppleving, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Desse fagområda er mellom anna: kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur og film.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Markering av norske tradisjonar; jul, påske, 17.mai, pinse osv • Dansa etter musikk • Fridom til å velje fritt av aktivitetar og kanskje kombinere fleire på ein gong • Legga til rette for for å bruka sløyd og andre materialer. • Bruka Språkleiken Bravo til sansing(smak, hørsel, syn) • Markera Samefolkets dag • Markera barnehagedagen • Frileik
Natur, miljø og teknikk	<p>Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og til all slags vêr. Fagområdet skal bidra til at barna blir kjende med og får forståing for plantar og dyr, landskap, årstider og vêr. Det er eit mål at barna skal få ei gryande forståing av kor viktig ei berekraftig utvikling er. I dette inngår kjærleik til naturen og forståing for samspelet i naturen og mellom mennesket og naturen.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bruka nærområdet aktivt, og særleg Hønsahauen • Me er oppnemd til realfagskommune og me nyttar eige årshjul i forhold til realfag. Dette er eit prosjekt som har som målsetjing å ha fokus på realfag frå 1-16 år Me nyttar Språkleiken Bravo i innlæring av faguttrykk, samt at vaksne skal

		<p>bruka faguttrykk når dei snakkar om realfag i kvardagssituasjonane.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Me ryddar opp etter oss når me er ute i naturen, og me kastar ikkje boss når me er ute • Snakkar om det å gå på jakt og fiska for å skaffa oss mat. • Sortering av søppel • Fokus på filosofi, tenk om..... • Læra å ta vare på naturen slik at framtidige generasjonar kan ha nytte av den(bærekraftig utvikling) • Frileik
Etikk, religion og filosofi	<p>Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten vi oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. I fleire hundre år har kristen tru og tradisjon saman med humanistiske verdiar prega norsk kultur. Respekt for menneskeverd og natur, åndsfridom og nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet er verdiar som kjem til uttrykk i mange religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Markera ulike norske tradisjonar som bygger på kristen tru og humanistisk arv og tradisjon. • Vaksne er bevisst på at dei stiller dei utfordrande spørsmåla(den vaksne har ikkje alltid eit svar) • Sosial kompetanse med ekstra fokus på demokrati, eg kan ikkje alltid skal bestemta, men at eit fellesskapet vert einige. Samstundes skal ein få oppleve at nokre gonger er mitt val det beste. • Mini 17.mai • Fokus på samspel og turtaking, me nyttar t.d samling og brettspel. • Me nyttar opne spørsmål og dialog med barna • Markera Fn dagen • Frileik
Nærmiljø og samfunn	<p>Det at barn får påverke det indre liv i barnehagen, kan vere det første steget for å få innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna møter verda utanfor familien med tillit og undring. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Fokus på sosial kompetanse • Besøk i nærområdet • Kjenne på at mitt val får konsekvensar • Morsdag og farsdagskort • Karneval • Samarbeid barnehage og skule

		<ul style="list-style-type: none"> • Mini 17.mai • Frileik
Tal, rom og form	<p>Barn er opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse. Barnehagen har eit ansvar for å oppmuntre utforskinga og leggje til rette for tidleg og god stimulering.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Få fritt utforske rom og areal i barnehagen • Sortering når me ryddar • Matlaging • Dekka bordet • Skattejakt • Årshjul realfag • På leit etter samanhengar • Frileik